



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Vegdirektoratet

Postboks 8142 Dep.
0033 OSLO

Dykkar ref
2007/132425-002

Vår ref
07/26- KAS

Dato
15.09.2008

Bilbeltebruk for drosjesjåførar

Vi viser til brev datert 11. oktober 2007 der Vegdirektoratet på bakgrunn av brev frå Norges Taxiforbund ber Samferdselsdepartementet om å på ny vurdere å oppheve § 1 femte ledd bokstav f) i forskrift 21. september 1979 nr. 7 om bruk av personlig verneutstyr under kjøring med motorvogn, for slik å innføre eit påbod om bruk av bilbelte for drosjesjåførar i teneste.


Samferdselsdepartementet vil med dette orientere Vegdirektoratet om at vi på grunnlag av den tidlegare høyringa der Vegdirektoratet tilrårar ei oppheving av unntaket som gjeld for drosjesjåførar, og brevet frå Norges Taxiforbund som no har endra standpunkt i saka, følgjer tilrådinga frå Vegdirektoratet om å oppheve unntaket for drosjesjåførar i teneste frå kravet til bruk av bilbelte.

Samferdselsdepartementet tek til etterretning at Norges Taxiforbund og enkelte av høyringsinstansane som kom med innspel under den tidlegare høyringa, legg til grunn at regelen om nødverje i straffelova kan opne for at drosjesjåførar kan unnlate å bruke bilbelte i unntakssituasjonar.

Forskriftsendringa vil tre i kraft 1. november 2008. Samferdselsdepartementet har sendt ut ei pressemelding i samband med dette.

Med helsing


John Arild Jenssen e.f.


Karin Søhoel

Kopi til:
Politidirektoratet

Postadresse:
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Kontoradresse:
Akersg. 59

Telefon
22 24 90 90 / 22248301
Org. nr.:
972 417 904

Telefaks:
22 24 95 72

Saksbehandlar:
Karin Søhoel
22 24 86 17